



Oppsummering kvalitetsdialog 11 april



Rådmannskontoret og stabstjenester

Digitale løysingar

- Samnanger ligg «bakpå» mellom anna når det gjeld kommunal heimeside, innsynsløysingar for publikum og overgang til elektronisk arkiv.
- For å få på plass nye løysingar vil det vera nødvendig med prosjektressursar/frikjøp.

Agresso

- På løns- og personalområdet er Agresso svært «tungdrifta» i Samnanger, og me utnyttar i liten grad moglegheitene i systemet.
- Det må gjennomførast tiltak for å betra på denne situasjonen (mellom anna innføring av elektroniske timelister). Nokre tiltak vil krevja økonomiske midlar.

IKT

- For å få fullt ut forsvarlege/gode IKT-driftsløysingar, vil det vera nødvendig å investera noko i ny program- og maskinvare. Dette vil vera eit alternativ til eventuell «overgang» til IKT Nordhordland.
- Ressurssituasjonen for IKT bør sjåast på, mellom anna på bakgrunn av behovet for å jobba med strategisk/overordna planlegging på IKT-området.





Rådmannskontoret og stabstenester (2)

Arkivlokale

- Arkivlokala oppfyller ikkje lovkrav/dekkar ikkje kommunen sitt behov. Vil krevja økonomiske investeringar/midlar å betra situasjonen.

Arbeidstidsordning for kontortilsette m.fl.

- Sak om vurdering av endring av noverande arbeidstidsordning (med 15 minuttar av spisepausen betalt i vinterhalvåret), må leggjast fram for politisk nivå.

Kontorlokalitetar på kommunehuset

- Kommunehuset manglar ventilasjon. Fører mellom anna til utfordringar knytt til informasjonstryggleik fordi vindauge må haldast opne i sommarhalvåret.





Sektor for helse og omsorg

NAV

- **Barnefattigdom** (Få politisk fokus på dette viktige området som gjeld på tvers av sektorar)
- **Førebyggjande arbeid**

HELSE

- **Legevakt** (Følgje med på det som skjer og melde attende politisk ved endringar/behov for avklaringar)
- **First Responder** (Halde fram med bilen, men sjå på moglege andre løysingar for bemanning no og på litt sikt)





Sektor for helse og omsorg

FUNKSJONSHEMMA

- **Aktivisering/arbeid** (Fungerer god og ønskjer om å halde fram med løysinga med kjøp av statlege plassar)
- **Søttekontakt** (Lage ei sak)

HEIMETENESTA

- **Velferdsteknologi** (Gjeld heile kommunen. Lage sak til budsjettarbeidet)
- **Dagsenter** (Halde fram med kommunal drift, men sjå på om ein kan endre på drifta/reducere utgifter)

SAMNANGERHEIMEN

- **Sal av sjukeheimsplassar** (mål om å selja, men ikkje inn i budsjett 2019)
- **Produksjonskjøken** (rekne meir på kostnadar for å få fakta som grunnlag for diskusjon)





Oppvekst

- Gode skular og barnehagar for å få tilflytting «Flaggskip».

Kan vi ha større einingar?

- Ikkje motvillig mot det.
- Ser gevinstar som større utnytting av personale, kompetanse, fagleg gevinst etc.
- Må ikkje gå ut over kvaliteten.
- Vil krevja investeringar, optimalisering av bygga, infrastruktur, idrettshall evt. symjehall.
- Det må byggjast for framtida.
- Tenka langsiktig.





Oppvekst (2)

Ein skule 1-10 og ein barnehage?

- Hall vil vera ein premiss for 1-10 skule
- Ein barnehage vil krevja investering for å få til god pedagogisk løysing
- 1-10 skule vil gje større fagmiljø og fagleg styrke
- Trafikale utfordringar
- God dialog, informasjon og at tilsette får medbestemming vil ver ein føresetnad.





Oppvekst forts. (3)

Kva tilbod skal elevane ha på skulen og i barnehagen, skal det vera nok form for mat/frukt i løpet av dagen?

- Barnehagen har ei ordning med måltid/matpengar som fungerer.
- Det kan søkast om prosjektmidlar, men då må kommunen bidra med tilsvarande.
- Frukost kan vera like aktuelt som lunsj.
- Kan ein ha matordning med foreldrebetaling?(Sjekk dette).
- Nokon må ha ansvar? (Frivillige?)
- Varme måltid kan evt. bestillast på kjøkkenet på Samnangerheimen.
- Ser ikkje dette som eit satsingsområde i fyrste omgang.
-





Oppvekst forts (4).

Skal vi ha ei brei satsing på kompetanseheving innafor ikt for tilsette i skule og barnehage?

- Vi må satsa på IKT og opplæring på alle einingar.
- Vi må henga med.
- Sprik i kompetansen.
- Nye planar krev oppdatering av personale.
- Viktig at og utstyr vert oppdatert.
- Viktig med medbestemming.





Samfunn

Framtidige Bygg og idrettshall

- Fakta på framtidige vedlikeholdskostander på k-hus og SUS med ulike alternative løysingar.
- Få vurdering på alternative framtidige moglegheiter for desse bygga: 1-10 skule på Gjerde med idrettshall og helst med svømmehall også, har mange som ønskje og prioritet. 1 barnehage i Nordbygda kan bli konsekvens av dette og det vert viktig med gode og tidlege prosessar i skule og barnehage. Viktig å få gode framtidige bygg og uteområde i ny struktur. Fordel å få samla funksjonar.

Kommunehus/administrasjon – vurdere nytt på Bjørkheim for å styrke Bjørkheim som tettstad og framtidig kommunesenter. Vurdera leige av lokale i Safa eller leige/kjøpe BKK-bygget på Frøland ? Ombygge k-huset og kombinere med leiligheiter?





Folkehelse

- Mange flotte anlegg og utepmråde/parker - Totræna, Eikeldalen, Gullbotnen, Hagabotnane, Ytre-Tysse og Bjørkheim. Biblioteket og frivilligsentral gjev mange moglegheiter. Gode gang og sykkelstinet.
- Ønskjer idrettshall – kan gje mange fleire både organiserte og uorganiserte aktivitetar. Viktig førebygging.
- Basseng på Gjerde vil og auke bruken både i skuletid og ettermiddag.
- Frivilligsentral og samarbeid med lag og organisasjonar. Besøksteneste

Vegmodell – sak/notat om det vidare arbeidet til neste møte i formannskapet. Avklare arbeidet som ligg i vedtaket og framdrift.

Tekniske tenester – legg fram oversikt, prioritering og tidsbruk på prosjekt og oppgåver for å få avklare forventningane med politikarane. Jamneleg statusrapportering.

